

## VR-sak 24/17: Fjord Noreg AS: Scenarioprosjekt 2030 for reiselivet på Vestlandet.

### Bakgrunn for saka

Styret i Fjord Noreg AS meiner det er avgjerande at det snarleg vert sett i gang eit arbeid for å få på plass eit overordna scenariobilete for Vestlandet. Eit scenariobilete skal seie noko om korleis vi sikrar ei berekraftig utvikling av landsdelen fram mot 2030. Styret ønskjer difor å starte opp eit scenarioprosjekt der reiselivsnæringa, destinasjonar, fylkeskommunane, kommunar og Fjord Noreg i fellesskap definerer eit framtidsbilete av landsdelen som reisemål. Med bakgrunn i dette biletet vil det vere mogleg å utarbeide t.d. ei prioritert ti-punktliste som syner sentrale føresetnadar for at framtidsbiletet kan nåast. Denne lista bør inkludere aktørgruppene som er med på å påverke det samla biletet, og beskrive deira roller framover. Transport, overnattingar, opplevelingar, attraksjonar, fylkeskommunane, kommunane, statlege styresmakter, destinasjonar og landsdelsselskap utgjer her sentrale aktørar.

Scenariobiletet og aktuelle prioriterte ti-punktlistene vil oppsummert utgjere eit overordna visjonsbilete og vere ei retningsline for landsdelen sin samla aktivitet. Med denne kunnskapsbakgrunnen kan vi betre sikre at vi samla har eit bevisst forhold til kva som skal til for å sikre eit lønsamt, positivt og berekraftig reiseliv fram mot 2030.

### Fjord Noreg AS

Dei fire fylkeskommunane i Vestlandsrådet har, sidan Fjord Noreg AS vart starta, gjeve tøtte til reiselivsnæringa si internasjonale marknadsføring gjennom selskapet. Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar er eigarar i selskapet. Fylkeskommunane eig 8,9% kvar av aksjane i selskapet, og er samla den største eigaren. Dei fire fylkeskommunane er representerte i styret i Fjord Noreg AS. Hordaland fylkeskommune er representert gjennom ein ekstern aktør (leiaren i Destinasjon Voss, Mona Hellesnes), medan dei andre tre fylkeskommunane er administrativt representerte i styret.

Fjord Noreg AS sitt mandat er internasjonal marknadsføring av reiselivet på Vestlandet. Dei fire fylkeskommunane har støtta dette arbeidet sidan starten gjennom ei felles avtale og tildeling. I 2017 var denne støtta på 3 mill.kr. frå kvar fylkeskommune. Fjord Noreg AS har også søkt om tilsvarende beløp frå dei fire fylkeskommunane for 2018.

### Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen legg her Fjord Noreg AS sin varsle søknad fram til drøfting i Vestlandsrådet. Den vedlagde søknaden/prosjektskissa syner eit framlegg til organisering der Vestlandsrådet er prosjekteigar, og der Vestlandsrådet gjev styret i Fjord Noreg AS som mandat å fasilitere arbeidet vidare. Som landsdelen sitt fellesorgan for reiselivet, og det offisielle turistrådet for Vestlandet, er dette ei oppgåve som Fjord Noreg ønskjer å ta, og som fylkesrådmannen stiller seg positiv til.

Fylkesrådmannen meiner likevel Vestlandsrådet sine samla økonomiske rammer tilseier at rådet ikkje kan ta på seg heile den omsøkte løyvinga. Fjord Noreg AS bør difor søkje kvar av dei fire fylkeskommunane, som eigarar av selskapet, om midlar for å sikre finansiering av dette prosjektet.

# Vestlandsrådet

I samband med handsaminga av budsjettet for 2018, meiner fylkesrådmannen Vestlandsrådet ev. bør vurdere ei eiga løyving til scenarioprosjektet.

## Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet tek den varsla søknaden frå Fjord Noreg AS om støtte til eit scenarioprosjekt 2030 til vitande.
  2. Vestlandsrådet ser Fjord Noreg AS som godt eigna til å leie eit slikt scenarioprosjekt, som omfattar dei fire fylkeskommunane.
  3. I samband med handsaminga av budsjettet for 2018, vil Vestlandsrådet vurdere ei eiga løyving til Fjord Noreg AS og scenarioprosjekt 2030.
-